



Norsk studentorganisasjon

Lakkegata 3 / 0187 Oslo

T: 22 04 49 70

F: 22 04 49 89

E: nso@student.no

W: www.student.no

Høringsuttalelse

Høring - Forslag til forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning - KD Kunnskapsdepartementet

”Overordna vil me uttrykke stor begeistring for at koplinga til FoU-arbeid har fenge ein såpass stor plass i forslaget.”

NSO ynskjer å takke for høvet til å koma med innspel til forslaget til forskrift om rammeplan for bornehagelærarutdanning. Vidare meiner me det er særst positivt at departementet følgjer opp evalueringa av førskulelærarutdanningane gjort av NOKUT. Langt på veg støttar me vurderingane og vala utvalet har gjort i forslaget til ny forskrift om rammeplan for bornehagelærarutdanning, og ser at det meste er i tråd med tidligare innspel frå NSO.

Generelt

Overordna vil me uttrykke stor begeistring for at koplinga til FoU-arbeid har fenge ein såpass stor plass i forslaget. Denne koplinga er viktig både for samfunnet generelt, men og for fagmiljøa ved utdanningsinstitusjonane.

Når det kjem til strukturen i forslaget til forskrift er det viktig å tenkje på korleis ein meiner rammeplanen skal nyttast. Både for samfunnet, utdanningsinstitusjonane og for einskildstudenten er det eit poeng at rammeplanen er konkret nok til at han kan nyttast til systematisk arbeid med utdanningskvaliteten i studiet. I det ligg og at ein med utgangspunkt i det som vert skissert i rammeplanen skal kunne peike på eventuelle manglar i utdanning, og at han til dømes kan vera grunnlag til klage for studentar. Dette er og viktig for rettsikkerheita til studentane.

Namneendring

Ettersom det ikkje finns nokon institusjon i Noreg i dag som heiter førskule gjev det meining å skifte namnet over til noko som har med bornehage å gjere. Tidligare har me spela inn at me meiner yrkestittelen bør vera bornehagepedagog.

§1 Virkeområde og føremål

Virkeområde og føremål klarer i stor grad å tilfredsstillе dei premissa som er lagt ned i mandatet. Forskingsbasering og praksisrelevans kjem tydeleg fram og knyt føremålet med utdanninga opp mot det yrkesfeltet det skal utdannast til. Spesielt viktig er presiseringa av integreringa av det praktiske og teoretiske i ei utdanning som skal gje profesjonsforståing og kompetanse i å reflektere over dei problemstillingar ein møter i dagens og framtidens bornehage. Kanskje kunne ein her ha vore enda tydeligare på at både forskningsbasert og praksisbasert kunnskap er viktig for god profesjonsforståing og profesjonsutøving. Me ser og gjerne at studentaktiv og –initiert forskning vert omtala under denne paragrafen

Me stiller spørsmål ved om det å skildre poenget om samiske tilhøve og rettar i eit eige avsnitt er riktig. Me les dette som eit vedheng til resten av paragrafen, og ikkje som ein integrert del av virkeområde og føremål.

Det virkar meir føremålstenleg å bruke omgrepet FoU-basert framfor forskningsbasert for å synleggjere viktigheta av utviklingsarbeidet.

§2 Læreutbytte

Punkta under dei tre områda *kunnskap*, *ferdigheiter* og *generell kompetanse* samsvarar i stor grad med det kandidaten burde kunne etter ei treårig bachelorutdanning. Talet på skildringar er lagt til eit relativt lågt nivå og i riktig generaliseringsgrad. Dette er etter vårt syn særst viktig for å lette arbeidet med nasjonale retningslinjer og programplanar på

institusjonsnivå. Tydelegheit i bruk av omgrep og lite repetisjon av kompetansemoment innanfor områda er med på å byggje opp under vår oppleving av at læreutbytteskildringane er godt gjennomarbeidd og dekkjer det ein bornehagelærer skal kunne. Sett i samband med nasjonalt kvalifiseringsrammeverk er det etter vår meining tydeleg at skildringane ligg på bachelornivå, og at nivået er noko justert der ein har sett det nødvendig. Me vil likevel peike på nokre einskildmoment som kan bli svekka i utdanninga: overgangen mellom bornehage og skule er ikkje i stor nok grad gjort tydeleg gjennom læreutbytteskildringane.

Fire av kunnskapsutbytta er skildra som brei kunnskap. Det er positivt at ein har spesifisert kva område som burde liggje noko høgare, og NSO støttar seg til desse vurderingane. Samstundes fører det til at metninga av innhald under kunnskap er noko større enn under ferdigheiter og kompetanse. Dette er noko ein burde tenkje over i siste gjennomgang.

Punkt fire under kunnskap skildrar gryande lese-, reikne- og skrivekunne. Dette er eit punkt som sikrar at kandidaten kan sjå det naudsynte i, og støtte opp under, skuleførebuande arbeid i bornehagen. Samstundes stend det ikkje noko om barns digitale ferdigheiter som det i kvardagen elles og innanfor skuleverket er sett stort fokus på.

Under kunnskapar, punktet om ulike oppvekstvilkår, saknar me noko om økonomisk og sosial ulikskap. Me kunne tenke oss at punktet såg slik ut: Har bred kunnskap om moderne barndom, barnekultur, barns ulike oppvekstvilkår, bakgrunn og utvikling i et samfunn preget av språklig, religiøst, livsynsmessig og kulturelt mangfold, økonomiske og sosiale ulikheter.

Eit anna område me meiner ikkje får nok plass er den estetiske dimensjonen og kor viktige dei estetiske faga er for barns utvikling og læring. Det burde kunne presiserast meir enn det gjer i dette forslaget.¹

Å definere læreutbyttet studentane skal sitje att med er krevjande. Me vil her trekke fram ferdigheitspunktet: "kan identifisere særskilte behov hos enkeltbarn og på bakgrunn av faglige vurderinger iverksette tiltak." Dette punktet må sjåast i samband med dei andre profesjonane og utdanningane som rettar som inn mot nett dette, som bornevernspedagog og spesialpedagogikk.

§3 Struktur og innhald

Trass i at høyringsbrevet ikkje etterspør tilbakemeldingar på §3 om struktur og innhald, vil det vera rart å ikkje sei noko om den radikale endringa av studiet denne paragrafen vil kunne forårsake. I stor mon fylgjer forslaget det NSO tidligare har spela inn om å organisere etter "fagbolkar" eller kunnskapsområde der mellom anna pedagogikk skal inn i alle, og dette er me særst nøgde med. NSO ser det som positivt at ein har definert ein kunnskapsbase med tydelege kunnskapsområde som alle bornehagelærarar skal inneha ved endt utdanning. Det er og bra at det er lagt opp til nasjonal mobilitet og høve til utveksling i 3. studieår.

¹ Jamfør brev frå faggruppa for kunst, kultur og kreativitet til KD, NOKUT og Rammepanutvalet

Likevel virkar det på oss som det burde vera eit eige 20-poengsemne i pedagogikk for å sikre at alle har ei viss mengde pedagogikk i botnen og at dette kjem tydeleg fram. Eit slikt emne vil ta vekk høvet institusjonen har til forsterking i 1. og 2. studieår. Me meiner varetaking av prioriteringar og spissing frå institusjonen si side må inn i særleg 3. året, men og i den opninga i kunnskapsområda. Ein annan grunn til å ha eit eige emne i pedagogikk er at mange masterutdanningar etterspør 30 studiepoeng eller meir i pedagogikk. Sjølv om det skal liggje 45 studiepoeng til grunn i ei bornehagelærer-utdanning, vises ikkje dette på papiret. Det kan og bli vanskeleg å koma inn på eit mastergradsprogram i utlandet med ei slik organisering.

Me ynskjer og å peike på at omlegginga som er føreslege vil måtte føre til ein del endringar av organiseringa av utdanninga. Det krev mellom anna at ein får rekruttert førelesarar som kan dekkje dei ulike kunnskapsområda, vurderingsformer som får til å vekte på rett måte, og sensorar med kompetanse til å vurdere utifrå breie kunnskaps-område og læreutbytteskildringar.

Bacheloroppgåva må, i tillegg til å vera profesjonsretta, vera forskingsbasert, noko som ikkje er presisert i forskrifta.

I føremålet og i læreutbyttet blir danning skildra på to dels ulike måtar. Det er viktig at ein er presise og konsekvente på kva ein eigentleg legg i omgrepet danning.

Praksis

Ei viktig sak for studentane har vore å definere kva ein praksisdag inneber, og me saknar ein slik definisjon i forslaget til rammeplan. Dette er viktig for rettane til studentane, men og for å sikre at ein har ei nasjonal samordning på forståing av praksis.

NSO har vidare bede om at det i rammeplanen skal stå noko om dei strukturelle rammene som skal leggje til rette for samhandling mellom student, praksisrettleiar og øvingsleiar. Studentar bør og ha praksisplass utanfor eigen arbeidsplass for å gjere praksisopplæringa meir reell: det skal vera skilnad på arbeid og praksis, noko som kan vera vanskeleg å skilje dersom bae delar føregjeng ved same arbeidsplass.

Av omsyn til internasjonalisering bør høvet til å ta delar av praksis i utlandet spesifiserast i rammeplanen. Føresetnaden for denne type mobilitet er gode samarbeidsavtaler med utanlandske institusjonar.

§6 Ikrafttreding og overgangsreglar

Det vert i forslaget til ny rammeplan gjeve rom for at ein kan nytte gamal rammeplan til og med i studieåret 2012/13, og at studentar som er ein del av ei slik ordning må ha avlagt eksamen innan desember 2017. NSO ynskjer å påpeike at me håpar det vert sikra gode ordningar for studentar som blir hindra i å fullføre studiet i løpet av halvtanna år etter normert tid. Dersom ein ikkje legg opp til gode og fleksible ordningar vil dette kunne vera eit hinder for mellom anna studentar som engasjerar seg i studietida og på denne måten ikkje fullfører studiet på normert tid. Ei anna utfordring ved ei overlappingsfase av ny og gamal rammeplan vil vera studentar med born eller studentar som får born i løpet av studietida.

Her bør ein leggje opp til ei ordning som gjer at dei har same gode moglegheit til å fullføre studiet sitt som dei studentar som tek utdanninga på normert tid.